

PERSPEKTIVER PÅ PELSDYRNÆRINGEN I DAGENS OG FRAMTIDENS NORGE

Av Ivar Hovland og Leif Jarle Asheim

1. INNLEIING

2. STRUKTUR OG OMFANG AV PELSDYRNÆRINGA

2.1 Regional utbreiing av pelsdyrnæringa

2.2 Driftsformer og eigedomstilhøve

2.3 Avdrått, tal kvalpar per tispe

2.4 Arbeidsforbruket i primærproduksjonen av pelsdyrskinn

2.5 Økonomisk verdi av pelsskinnproduksjonen

3. PELSDYRFÔR

3.1 Fôrkjøkken og omsetjing i pelsdyrfôrindustrien

3.2 Forbruk av avfall frå fiskeri og slakteri som fôr til mink og rev

3.3 Fôrpriser for pelsdyrfôr

3.4 Alternativ bruk av slakte- og fiskeavfall til pelsdyrfôr

3.5 Arbeidsforbruket med produksjon av pelsdyrfôr

4. ØKONOMI OG TILSKOT I PELSDYRNÆRINGA

4.1 Rekneskapsresultat frå bruk med mink

4.2 Avløysartilskot til pelsdyr

4.3 Refusjon av kraftfôrkostnader og frakttilskot til pelsdyrfôr

4.4 Investeringsstøtte

4.5 Utjamning av skinnprisar

5. SAMLA SYSSELSETJING, VERDISKAPING OG ERSTATNING

5.1 Samla sysselsetjing

5.2 Samla verdiskaping

5.3 Samla tap ved forbod mot pelsdyroppdrett

5.4 Diskusjon av framgangsmåte og erstatning ved forbud mot pelsdyrhald

5.5 Avsluttande kommentarar

6. VURDERING AV ALTERNATIVE PRODUKSJONAR

6.1 Drøvtyggande husdyr

6.2 Etablering av svin eller kyllingproduksjon

6.3 Investerings eller anna støtte til alternative produksjonar innafor jordbruk

6.4. Omlegging til anna husdyrproduksjon - samanfattende synspunkt

7. SAMANDRAG OG KONKLUSJONER

PERSPEKTIV PÅ PELTSYRNÆRINGA I DAGENS OG FRAMTIDENS NORGE

Av Ivar Hovland og Leif Jarle Asheim

1. INNLEIING

Av Stortingsmelding nr 9 (2011-2012) «Landbruks og matpolitikken» (Landbruksdepartementet, 2011) framgår at Regjeringa vil foreta ein gjennomgang av pelsdyrnæringa og kome tilbake til Stortinget med orientering om saka. Landbruksdepartementet ville difor i 2012 lage eit samla oversyn over næringa her i landet for denne orienteringa og ba difor NILF om å framskaffe ei samla oversikt med ulike data for pelsdyrnæringa i Norge. Bakgrunnen for gjennomgangen er at dei ulike partia på Stortinget har til dels svært ulike oppfatningar om pelsdyrnæringa sin plass i dagens og framtidens Norge. Enkelte parti har alt landsmøtevedtak på å avvikle næringa, andre kan få det. Oversikta blir då eit grunnlag for å vurdere konsekvensane av eit slikt vedtak.

Oversikta må ha eit heilheitleg perspektiv og studere næringa på aggregert nivå. Ein må sjå på skilnader i betydning av pelsdyrnæringa i ulike fylke regionar etter t.d. BA-sentralitet og vilkår for alternativ sysselsetjing. Verdiskapinga og sysselsetjing kan vere utgangspunkt for rekne ut samla kompensasjon for eventuell nedlegging. Men sysselsetting må t.d. ikkje berre gjelde oppdrett av pelsdyr men og omfatte nærliggande eller tilknytta næringar som produksjon av pelsdyrfôr, veterinærmedisin, pelsdyravl, forsikring og øvrig verksemd i Norges Pelsdyrslag. Vidare er det spørsmål om alternative næringar som eventuelt kan erstatte pelsdyrnæringa, særleg landbruk fordi mange pelsdyrgardar drives i kombinasjon med landbruk. Ledige arealressurser på pelsdyrgardsbruk blir då viktig. I tillegg er det spørsmål om begrensingar i alternative driftsformer t.d. pga rovdyr-område. Men mange pelsdyrfarmar drives på eigne særleg tilrettelagde tomter eller på kommunale fellesareal utan jordbruksareal og leiger spreieareal for husdyrgjødsel eller disponerer gjødsel på anna måte. Her kan det bli spørsmål om oppbygging av kraftfôrkrevande husdyrproduksjon, sysselsetjing i anna næring, eller alternativ forretningsutvikling. På fôringssida er det i tillegg spørsmål om alternativ bruk av råstoffet til pelsdyrfôr, både fiske- og slakteavfall og kraftfôr.

I eit notat frå Landbrukspolitisk avdeling i Landbruksdepartementet datert 12.6.2012 er det antyda at følgande tema er aktuelle å få belyst: strukturen i næringa, pelsdyrfôr, verdiskaping og tilskot og vilkår for alternativ produksjon på gardar med pelsdyr. Av innleiande samtalar er det klart at delar av informasjonen kan innhentast frå SLF. Vidare er det spørsmål om å rekne ut kostnadene med å legge ned næringa under føresetnad av at tapte inntekter skal erstattast. I dette ligg også tilskot til pelsdyrnæringa og kva som kan sparast av tilskot om næringa blir avvikla samt utrekning av erstatning eller omstillingsstøtte for avvikling av pelsdyrhaldet.

Etter regjeringsskiftet hausten 2013 ble det sett ned et utval som skulle gjennomgå pelsdyrnæringa. Sommaren 2014 ble difor NILF bedt om å foreta en oppdatering av notatet frå 2012.

2. STRUKTUR OG OMFANG AV PELSDYRNÆRINGA

2.1 Regional utbreiing av pelsdyrnæringa

Oppstillingane nedanfor viser pelsdyr og pelsdyrgardar fordelt på fylke henta frå søknad om produksjons- og avløysartilskot per 1.1. 2014.

	Bruk med mink	Mink- tisper	Minktis- per bruk	Bruk med rev	Reve- tisper	Revetis- per bruk
Østfold	4	20 617	5 154	1	353	353
Akershus	0	0	0	1	124	124
Hedmark	9	11 090	1 232	10	2 966	297
Oppland	11	8 145	740	28	8 858	316
Buskerud	0	0	0	3	477	159
Vestfold	3	2 549	850	2	365	183
Telemark	7	6 366	909	1	65	65
Aust-Agder	1	500	500	5	634	127
Vest-Agder	2	3 100	1 550	3	303	101
Rogaland	66	101 473	1 537	7	851	122
Hordaland	0	0	0	4	681	170
Sogn og Fjordane	6	7 460	1 243	23	3 883	169
Møre og Romsdal	5	2 730	546	14	2 462	176
Sør-Trøndelag	3	2 103	701	67	22 540	336
Nord-Trøndelag	5	4 804	961	5	1 695	339
Nordland	3	1 800	600	3	1 875	625
Troms	0	0	0	1	300	300
Finnmark	0	0	0	0	0	0
Landet	125	172 737	1 382	178	48 432	272

Det var 125 gardar med mink med til saman snautt 173 tusen minktisper og 178 gardar med rev med til saman drygt 48 tusen revetisper. Viktigaste fylket for mink er Rogaland med drygt 101 tusen tisper følgt av Østfold, Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane, Telemark og Nord-Trøndelag med knapt 20 617 – 4 804 minktisper kvar. I Akershus, Buskerud, Hordaland, Troms og Finnmark er det ikkje oppdrett av mink.

For oppdrett av rev er Sør-Trøndelag viktigaste fylket med vel 20 tusen revetisper følgt av Oppland, Sogn og Fjordane og Hedmark. I dei andre fylka er det under 3 tusen revetisper og i Finnmark er det heller ikkje oppdrett av rev.

I høve til situasjonen i 2011 har talet på minktisper auka med ca. 10 000 dyr mens bestanden av rev er praktisk talt uendra. Talet på gardar med mink har auka med 4 medan tal revegardar har minka med 13.

Fordeling etter sone for BA-sentralitet (1 mest sentral, 5 minst) framgår av oppstillinga nedanfor. Mesteparten av minken, 66%, er i sone 1. Her har ein og dei største bruka. Resten fordelar seg nokså likt på dei andre sonene, men mest i sone 2 og 3.

Sone	Oppdrett av mink				Oppdrett av rev			
	Bruk	Tisper	Tisper/bruk	%	Bruk	Tisper	Tisper/bruk	%
1	64	114 184	1 784	66	29	7 178	248	15
2	21	19 984	952	12	18	4 756	264	10
3	18	15 983	888	9	37	11 510	311	24
4	12	12 770	1 064	7	87	23 929	275	49
5	10	9 816	981	6	7	1 059	151	2
	125	172 737	1 382	100	178	48 432	272	100

For rev er situasjonen noko ulik, nær halvparten av revetispene er i sone 4 og kring ein fjerdepart i sone 3. Resten finst i sone 1 og 2 mens det er praktisk talt ikkje oppdrett av rev i sone 5. Talet på revetisper per bruk er mellom 248 og 311 i sonene med unntak av sone 5 det berre er om lag halvparten.

2.2 Driftsformer og eigedomstilhøve

I 2014 var det 277 bruk med pelsdyr, anten mink eller rev eller begge delar, ei auke frå 272 i 2012. Dei fleste pelsdyrbrukarane driv med anten mink eller rev, 99 har berre mink og 152 berre rev, og 26 av 277 pelsdyrbruk har både mink og rev. Av pelsdyrbrukarane var det 134 som også søkte om arealtilskot (areal per 31/7 2013), 52 med berre mink, 70 med berre rev og at 12 bruk hadde både mink og rev. Oppstillinga nedanfor viser arealet på dei 134 pelsdyrbruka med areal, tal pelsdyrtisper (utrekna som 1 revetispe = 3,3 minktisper) samt kor mange som har mjølkeku, ammeku og sau. I gjennomsnitt var det 220 dekar jordbruksareal og knapt 330 pelsdyrtisper.

	Tal		Tal		Bruk med		
	pelsdyrbruk	Daa/bruk	pelsdyrtisper*	mjølkeku	ammeku	sau	
Østfold	3	233	5 656		1	1	
Akershus	1	2 838	124	1		1	
Hedmark	9	217	3 538		1	5	
Oppland	17	186	6 565	3	2	6	
Buskerud	1	334	110			1	
Vestfold	2	120	488				
Telemark	3	241	499		1	2	
Aust-Agder	2	129	335			1	
Vest-Agder	4	86	1 242	1		1	
Rogaland	33	252	11 348	11	2	18	
Hordaland	4	204	681	1		3	
Sogn og Fjordane	20	119	4 078	7		14	
Møre og Romsdal	8	170	1 492	6		1	
Sør-Trøndelag	22	187	6 706	5	1	8	
Nord-Trøndelag	5	387	1 169		3	1	
Landet	134	220	44 032	35	11	63	

*1 revetispe = 3,3 minktisper.

Sau er vanlegaste husdyret i tillegg til pelsdyr, nesten halvparten (47%) har det. Gjennomsnittstørrelsen er 62 vinterfôra søyer, og 191 daa. 26 prosent har mjølkekyr, i gjennomsnitt 18 årskyr og 269 daa. Ammeku finst på 11 prosent av bruka, 14,5 kyr og 368 daa i snitt. Det er og ein del som ikkje har desse husdyra. I noko grad er drives mink på litt større bruk (snitt 244 daa) og i kombinasjon med storfe (34 %) mens rev drives på mindre bruk (snitt 193 daa) i kombinasjon med sau (50%) meir ute i distrikta, men mønsteret er ikkje eintydig.

Det er 143 bruk som ikkje søker om arealtilskot. Dei må likevel ha tilgang til spreieareal for husdyrgjødsel og har då anten leigd spreieareal eller har tilgang på eige areal som er bortleigd. Oppstillinga nedanfor viser fylkesfordelte tal pelsdyrbruk utan areal og tal pelsdyrtisper på bruka utan areal.

	Tal pelsdyrbruk	Tal pelsdyrtisper*
Østfold	2	945
Hedmark	9	2 789
Oppland	20	4 762
Buskerud	2	367
Vestfold	2	650
Telemark	4	1 495
Aust-Agder	3	451
Rogaland	36	20 252
Sogn og Fjordane	5	2 066
Møre og Romsdal	7	1 797
Sør-Trøndelag	45	16 471
Nord-Trøndelag	4	1 981
Nordland	3	2 420
Troms	1	300
Landet	143	56 745

*1 revetispe=3,3 minktispe

Pelsdyrbruk utan areal har noko større einingar, i gjennomsnitt 397 pelsdyrtisper mot ca. 329 for bruk med areal. Uttalelser frå landbrukssjefene i Oppdal, Agdenes, Midtre Gauldal, Meldal og Rennebu antyda at 41 av 57 bruk med pelsdyr ikkje er på eigen gard, dvs at berre 16 pelsdyrbruk er på gardsbruk (Notat frå Dyrevernalliansen datert 3.06.2011). Dette korresponderer bra med oppgavene for Sør-Trøndelag som viser at 45 av 67 bruk med pelsdyr i dette fylket ikkje hadde eige areal.

2.3 Avdrått, tal kvalpar per tispe

Tal kvalpar per tispe er viktig for kostnadene med fôr. Med høgare kvalpetal kan ein produsere med lågare fôrkostnader per skinn. kvalperesultatet dei siste åra, målt per forsikra tispe ved ca. 6 veker alder, for sølvrev, blårev og mink framgår av oppstillinga nedanfor. Oppstillinga er basert på data frå Pelsdyrtrygdelaget i Norges Pelsdyrslag (NPA) og henta frå Norsk Pelsdyrblad nr 3-2013. Kvalpetalet er lågast for sølvrev og høgast for blårev, men ingen av desse har noko trendmessig endring i denne perioden. For mink har det vore ein jamn framgang i perioden fram til 2010, deretter stabilt på rundt 5 kvalpar per tispe.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Sølvrev	3,30	3,25	3,13	3,11	3,00	2,90	3,10	3,10	3,10	3,15
Blårev	5,36	5,53	5,41	4,80	4,85	4,90	5,30	5,20	4,90	4,80
Mink	3,97	4,26	4,64	4,75	4,90	4,55	5,00	4,80	5,00	5,00

I landbruksteljinga i 1989 var det 2,58 kvalpar per tise for sølvrev, 3,70 for blårev og 4,08 kvalpar per tise for mink. Tala er ikkje heilt jamførbare med landbruksteljinga i 1989, men indikerer likevel at det har det vore ein auke i kvalpetal for alle typar pelsdyr sidan den tid.

Pelsdyrnæringa har med forbeta avl og fôring over tid betra kvalperesultatet vesentleg. Det drives noko forskning i regi av næringa, frå Norges Pelsdyrslag har vi fått opplyst fylgjande om utdeling av forskningsmidler (millioner kroner).

	2008-2011	2012-2013
Dyrevelferd og avl	4,5	1,273
Fôr og fôrutnyttelse	1,0	
Pelsdyrgården (UMB-ÅS)	0,5	
Sum	6,0	1,273

Forskinga vert finansiert gjennom m.a. omsetjingsavgift på pelsdyrskinn, sjå seinare.

2.4 Arbeidsforbruket i primærproduksjonen av pelsdyrskinn

Budsjettnemnda for jordbruket anslår arbeidsforbruket med primærproduksjon av pelsdyr kvart år. Anslaget er basert på tal avlsdyr frå årlege søknader om tilskot og data for arbeidsforbruk per avlsdyr som i teljinga for 1999 som var utrekna til 9,52 t. I ny teljing i 2010 er arbeidsforbruket utrekna til 2,41 t/avlsdyr. Utrekninga for 2010 er basert på bruk som berre hadde pelsdyr som tilleggsnæring, anten berre mink 0,8 t/dyr, berre rev 5,7 t/dyr eller både mink og rev som tilleggsnæring 2,8 t. I innstillinga som vart avgitt i 2011 (BFJ, 2011) vart arbeidsforbruket ansele til ca. 800 årsverk for 2010, men seinare er det (Dok 49/11, BFJ) nedjustert til knapt 191 årsverk. I innstillinga avgitt våren 2014 vart det lagt til grunn eit arbeidsforbruk på 204 årsverk i 2013 og 207 i anslaget for 2014.

At anslaget er basert på bruk med berre pelsdyr som tilleggsnæring kan vere ein svakheit med denne justeringa. I 2010 var pelsdyr einaste tilleggsnæring på 75 av 312 bedrifter eller 24%. For mink var det slik på 24 av 121 bedrifter (20%) og for rev på 56 av 228 bedrifter (25%). Av dyrebestanden representerer dei 19% for mink og 18% for rev (Dok 49/11, BFJ). Erfaringsmessig er arbeidsforbruket per dyr noko lågare når det inngår i varierte driftsformer jamført med spesialisert produksjon, t.d. finn ein litt lågare arbeidsforbruk med sau og mjølkeproduksjon som drives saman enn når dei drives kvar for seg, (sjå Jerven, 1984) sjølv om ein justerer for besetningsstørrelse. Pelsdyr er imidlertid ei næring som drives i eigne bygninger og pelsdyra får eige spesialtilpassa fôr og kan lett skiljast ut frå øvrig husdyrhald så dette har truleg mindre betydning. Andre husdyr drives ofte i same bygning. Vidare vil omfanget på produksjonen gjerne vere noko mindre når det drives i kombinasjon med

andre husdyr i høve tilspesialisert drift. Dette tilseier høgare arbeidsforbruk når pelsdyr drives i kombinasjon med anna husdyrproduksjon.

I tillegg kjem at perioden for arbeidsforbruk var frå 1.8 året før til 31.7 både i 1999 og i 2010, men dato for dyretal var i slutten av denne perioden (31 juli) i 1999 mens den var midt i perioden (1 januar) for 2010. Tal tisper går ned utover året og i utrekningane for 2010 kan ein derfor ha fått for lågt timetal per tise i høve til 1999. Ved nyttår kan det og vere ein del kvalpar som blir pelsa tidleg i januar og tispetalet er ikkje endeleg bestemt.

Av andre vurderingar kan nemnast at Hovland (2008) vurderte arbeidsforbruket til 583 årsverk i 2007 og at Oslo Economics (2012) med samme grunnlag kom til 390 årsverk i 2011. Desse tala ligg langt over det vi finn ved å anta jamn nedgang i arbeidsforbruket frå 1999 til 2010 med utgangspunkt i teljingane. Det kan neppe herske tvil om at arbeidsforbruket i nærin ga er drastisk redusert i løpet av 2000 talet, spørsmålet er kor raskt det har gått ned og kom mykje det er i dag.

Ein annan måte å vurdere arbeidsforbruket er å nytte tal frå arbeidsundersøkingar og justere for produktivitetsendringar. I ei omfattande undersøking frå 1980-talet Asheim (1990) er arbeidsforbruket rekna ut frå data frå 102 observasjonar frå bruk med pelsdyr etter følgjande likning:

$$Y = 110 + 6,28X + 886Z + 30,8V \text{ der}$$

Y = arbeidsforbruk til pelsdyr i t,

X = tal avlsdyr (1 rev er lik 3.3 mink),

Z = dummy variabel med verdien 1 for brukarar med eige fôrkjøkken og 0 for andre.

V = alder på bygningen, 11 år i gjennomsnitt.

Settes alder på bygningen til 11 år som tidlegare så får ein følgjande samanheng for arbeidsforbruket i heile næringa:

$$Y = (448,8 + 6,28X)(\text{tal bruk m/pelsdyr}) + 886(\text{tal pelsdyrbruk med eige fôrkjøkken}).$$

I 2010 var det (Dok 49/11 BFJ) 312 bedrifter med pelsdyr, 84 med berre mink, 191 med berre rev og 37 med både mink og rev. Talet på bedrifter var redusert til 280 i 2011. Pelsdyrslaget (Kulbotten pers. med) antar vidare at det er 4 brukarar som lagar pelsdyrfôret i eigne fôrkjøkken. Med denne likninga får ein noko høgare arbeidsforbruk, 340 årsverk i 2010 og 332 årsverk i 2011. Ligninga har eit forholdsvis høgt konstantledd og gir dermed sterk nedgang i arbeidsforbruket på grunn av strukturendringar. Men likninga vil ikkje fange opp endringar i arbeidsproduktivitet i perioden sidan midten av 1980-talet utover det som følgjer av strukturendringar og reduksjon i omfanget av eige fôrkjøkken. Mellom anna må vi rekne med vesentleg overgang til automatisk fôring på farmane jamført med situasjonen på 1980-talet. Antar vi at produktivitsauken kan utgjere 2,5% årleg i dei 23 åra som er gått kjem vi ned til 193 årsverk, omtrent det same som i undersøkinga til SSB. Ein slik produktivitsvekst er forholdsvis høg for ein så lang periode, ein rimelegare antagelse kan vere 2 % som vil gje ein nedgang i arbeidsforbruket per avlsdyr på mellom 40 og 50% i løpet av 20 år. Hegrenes (2010) oppgir at arbeidsinnsatsen i jordbruket har minka med noko meir enn 40 % frå 1990

til 2009. Reknar vi 2% årleg reduksjon i arbeidsforbruket per tise blir det i alt 216 årsverk i 2010 og 206 årsverk i 2011.

Sesongvariasjonen i arbeidsforbruket er illustrert i figur 5 i undersøkinga på 1980-talet (Asheim, 1990). Figuren, som er basert på data i snitt for 56 rekneskapsår, viser at arbeidsforbruket er lågast før kvalping i vekene 19-21. Det stig gradvis i kvalpetida til ein topp i veke 29 og går så noko nedatt fram til pelsinga som startar i veke 43-44. Største arbeidstoppen har ein i pelsinga i vekene 48 og 49. Arbeidsforbruket går sterkt ned i dei to siste vekene i året, men aukar til ein ny men mindre viktig arbeidstopp med etterpelsing dei første vekene på nyåret. Vidare er det ein arbeidstopp i paringstida i vekene 10-12. Dette generelle mønsteret er neppe mykje endra i sidan 1980-talet, arbeidet med paring og kvalping er vanskeleg å rasjonalisere, pelsinga er nok rasjonalisert i større farmar som det er blitt fleire av. Men sterk rasjonalisering av arbeidet med føring kan ha ført til at desse arbeidstoppane blir meir markerte.

I Danmark og Finland, som er store på produksjon av henholdsvis mink- og reveskinn, får en sprikende tall. I Danmark regner man med at en fulltidsbeskjeftiget minkfarmer kan passe 1500 tisper eksklusive pelsing (Videncentret for landbruk, 2010). Med 5 skinn per tise blir det 1,5 timer per tise. Overført på Norge skulle dette gi 140 årsverk, men her i landet er gjennomsnittlig besetningsstørrelse 1 382 tisper per farm.(1/1-2014).

I Finland er statistikken mindre presis, men ifølge Pelsfarmarens miljøhandbok var det i 2011 ca. 1100 farmer som hver sysselsatte 3 personer direkte på farmen. Dette gir 3300 personer eller årsverk. Antall tisper i Finlandi 2011 var 412 200 (rev) og 435 470 (mink). Regner man minktispene om til revetisper ved å dele med 3,3 får man 544 161 revetisper eller 495 tisper per bruk. Arbeidsforbruket blir 11,9 timer per tise, noe som virker høyt. Overført på Norge ha gitt 312 årsverk knyttet til rev. Gjennomsnittlig besetningsstørrelse for rev i Norge er 272 tisper (1/1-2014).

Ved planlegging av nye revefarmer i Norge regner Pelsdyralslaget med et arbeidsbehov inklusive pelsing på 6,5 timer per tise. For mink regnes det med 2 timer per tise. Dette gir i alt 349 årsverk, 162 årsverk for rev og 187 årsverk for mink. Vi kan ikke se noen åpenbar grunn til at Pelsdyralslaget vil operere med urealistisk høyt arbeidsforbruk. Selv om næringa da ville hatt større sysselsettingsmessig betydning, ville høyt arbeidsforbruk gjort det foretaksøkonomisk mindre lønnsomt å etablere nye farmer.

2.5 Økonomisk verdi av pelsskinnproduksjonen

Nettoverdien av den norske pelsskinnproduksjonen har dei siste åra dvs. etter år 2000, vore mellom 200 og 486 millionar kr årleg, høgast i 2013 med ca. 486 millionar, lågast i 2007 med 207 millionar, jamfør oppstillinga nedanfor. Den er basert på data frå Jordbrukets totalrekneskap frå Budsjettnemnda for Jordbruket (BFJ, 2014) som innhentar data frå NPA. Kostnader med sal av skinna samt innbetalingar til marknadsutjamningsfondet er fråtrekt i verditala nedanfor, men utbetalingar frå marknadsutjamningsfond er medteke.

	<u>Minkskinn</u>		<u>Verdi</u>	<u>Reveskinn</u>		<u>Verdi</u>	<u>Sum pelsdyr</u>	
	Stk	Kr/skinn	1000 kr	Stk	Kr/skinn	1000 kr	Skinn	Verdi
2000	328 683	221	72 557	390 368	484	188 798	719 051	261 355
2001	276 930	218	60 404	445 991	581	259 188	722 921	319 592
2002	332 419	198	65 749	359 506	515	185 239	691 925	250 988
2003	372 751	199	74 211	340 084	421	143 016	712 835	217 227
2004	360 507	237	85 433	353 594	460	162 554	714 101	247 987
2005	265 000	234	62 015	327 042	454	148 386	592 042	210 401
2006	396 000	284	112 607	358 335	495	177 289	754 335	289 896
2007	473 000	202	95 447	262 519	427	112 036	735 519	207 483
2008	635 000	233	148 000	231 178	550	127 157	866 178	275 157
2009	685 000	196	134 219	202 633	486	98 460	887 633	232 679
2010	510 000	298	151 985	215 373	586	126 303	725 373	278 288
2011	471 000	352	165 806	161 820	934	151 121	632 820	316 927
2012	587 000	439	257 710	151 682	968	146 882	738 682	404 592
2013	613 000	525	321 727	147 566	1 111	163 975	760 566	485 702

Både for mink og rev auka prisane i åra etter 2009, men har falt mykje i 2014. På auksjonen i Helsingfors i juni 2014 falt prisen på minkskinn til 257 kroner frå 549 kroner året før. På auksjonen i København i september 2014 vart snittprisen i overkant av 350 kroner per minkskinn. (Nationen, 23/9-14).

Etterspørsel etter pels avheng av ei rekkje forhold som økonomisk vekst og inntektsskilnader, mote, kulde, og demografiske tilhøve. Med tanke på finanskrisa kan prisstiginga dei siste åra verke ulogisk. Men vi vil peike på at samstundes med svak eller negativ vekst så er det tendensar til aukande inntektsskilnader. Det er vel heller ikkje gitt at klimaendringar vil slå ut i lågare etterspørsel etter pels, slik kuldeinitiert etterspørsel etter pels er truleg spontan og større variasjon i temperaturen, om det skjer samstundes, kan difor bli viktig. Vidare har levealderen stige og eldre kvinner er tradisjonelt dei viktigaste konsumentane for pelsverk. Trass i dette så er det likevel berre tida som kan vise om pelsdyrnæringa no står framfor ein sterk vekst i etterspørsel og prisar på linje med situasjonen i dei historisk gode åra.

Mink har gradvis vorte viktigare for næringa sidan årtusenskiftet, i 2001 utgjorde det knapt 19% av inntektene, sidan 2008 har det vore viktigare enn rev. Siste året 2013 kom 66 % av inntektene frå sal av minkskinn. Verdien av pelsdyrnæringa i dag er langt lågare enn i dei historisk gode åra for reveskinn (sølvrev) på 1930 talet og for mink på 1960 talet. I åra 1937-38 var verdien ca. 650 millionar kr og på slutten av 60-talet rundt 1 milliard kr, alt målt i løpande kroner (Asheim, 1990). Etter den tid har verdien gradvis gått nedover til det nivået vi har i dag.

3. PELSDYRFÔR

3.1 Fôrkjøkken og omsetjing i pelsdyrfôrindustrien

I tidlegare tider var det vanleg at pelsdyrhaldarane hadde eigne fôrkjøkken, og det er framleis enkelte pelsdyrbrukarar som hentar inn slakteavfall eller fiskeavfall frå nærliggande slakteanlegg. Men aktiviteten er minimal, egne fôrkjøkken er det ifølge Pelsdyrslaget (Kulbotten pers. med.) berre att 4 av. Fôrproduksjon i pelsdyrnæringa er i dag organisert gjennom 4 samvirkefôrkjøkken: Pelsdyrfôr Hamar SA, Rogaland Pelsdyrfôrlag SA, Midt-Norsk Fôr SA og Varteig Pelsdyrfôrlag SA.

Samla omsetning for desse anlegga var om lag 244 millionar kr i 2013. (Brønnoysundregisteret).

3.2 Forbruk av avfall frå fiskeri og slakteri som fôr til mink og rev

Forbruket av pelsdyrfôr her i landet har variert i takt med omfanget og ingrediensar i fôret har variert med kva som var å få tak i av rimeleg råstoff som næringa har tilpassa seg til. Kvalkjøt var vanleg i mellomkrigstida og fram til slutten av 1960-talet, sildemjøl vart nytta på 1960 talet, men desse fôrslaga er ikkje nytta lenger. Pelsdyrnæringa har kunna avta biologisk problemavfall som knytt til t.d. radioaktivt saue- og reinsdyrkjøt. Men dette har berre utgjort ein liten del av fôrgrunnlaget i næringa. Andre typer problemavfall kan være BSE kjøt, men denne problematikken er lite relevant for Norge.

Ingrediensane i det norske pelsdyrfôret er vert kalkulert kvart år av Budsjettnemnda for jordbruket og oppstillinga nedanfor viser fôrsamansetjinga og råvarekostnad for 2013. Den prosentvise samansetjinga har vore relativt stabil siden årtusenskiftet.

	Prosent	Mengde tonn	Pris kr/kg	Verdi 1000 kr
Avskjær mager fisk	28	15 750	1,10	17 325
Avskjær feit fisk	5	2 813	0,50	1 406
Lakseensilasje	8	4 500	0,10	450
Fiskemjøl	1	563	6,10	3 431
Fjørfeavfall	20	11 250	0,20	2 250
Slakteavfall storfe og svin	12	6 750	0,50	3 375
Kjøttbeinmjøl	6	3 375	1,00	3 375
Matrester/miljøfôr	1	563	0,20	113
Oljeprodukter	1	563	2,50	1 406
Karbohydratfôr	12	6 750	2,40	16 200
Vitamintilskudd	0,1	56	27,00	1 519
Vann	5,9	3 319		0
Sum		56 250		50 850

Det vart nytta ca. 18,5 tusen tonn fiskeavskjær, hovudsakleg mager fisk, og i tillegg ca. 5 000 tonn lakseensilasje og fiskemjøl. Fiskemjøl er forholdsvis dyrt og lite brukt (1%). Av slakteavfall frå husdyr er fjørfe viktigast og utgjør ca. 20 prosent. Det nyttas og ein god del slakteavfall frå andre husdyr, storfe og svin, samt noko kjøttbeinmjøl (6%). Bruken av tørrfôr i form av kraftfôr som blir innblanda i våtfôret, har årleg lege mellom 4,5 og 7,5 tusen tonn i åra etter år 2000. Verdien av kraftfôret utgjorde vel 16 millionar kr i 2013. Matrestar nyttas det lite av, kring 1 %. Det framgår av tabellen at

fiskemjøl, kjøttbeinmjøl og kraftfôr er forholdsvis dyrt jamført med direkte bruk av fiskeavskjær, lakseensilasje og slakteavfall. Men blandingstilhøvet vil reflektere trongen for energi og protein i det ferdige pelsdyrfôret samt kva som er nødvendig for å stabilisere fôrblendinga.

I Europa elles er avfall frå kyllingslakteri viktigaste ingrediensen i pelsdyrfôr etter fisk. IFTF (2003) oppgir at pelsdyr årleg konsumerer 220 tusen tonn avfall frå kyllingproduksjon, 365 tusen tonn frå fisk og fiskeforedling og berre 62 tusen tonn frå andre slakteri. Rådet for dyreetikk (2000) har vurdert bruk av pelsdyrskrottar i pelsdyrfôr og har ikkje vesentlege innvendingar til det sjølv hverken rev eller mink antas å vere kanibaler i naturen. Begrunnelsen er at skrottane males opp og ikkje blir gjenkjennelege.

3.3 Fôrpriser for pelsdyrfôr

Fôrkostnadene er viktigaste kostnadsposten i pelsdyrnæringa og utgjorde ca. 85 % av dei variable kostnadene og ca. 64,1 % av dei totale kostnadene i ei undersøking på midten av 1980-talet (Asheim, 1990). Budsjettnemnda for Jordbruket oppgir at produksjonen av pelsdyrfôr utgjorde 56 250 tonn i 2013 til ein verdi av ca. 163 millioner kr. Fôrmengdene har gått noko ned sidan årtusenskiftet, men ser no ut til å vere på veg oppatt og det er budsjettert med produksjon av 60 tusen tonn i 2014.

År	Kvantum tonn	Ferdigfôr kr/kg	Råvarekostnad 1000 kr	Produksj./frakt 1000 kr	Fôrkostnader ialt 1000 kr
2000	57 300	1,35	61 844	15 471	77 315
2001	61 000	1,56	57 694	37 210	94 904
2002	61 600	1,70	55 058	49 662	104 720
2003	59 500	1,70	53 788	47 362	101 150
2004	57 800	1,66	52 251	43 697	95 948
2005	58 000	1,74	52 432	48 488	100 920
2006	58 000	1,90	52 432	57 768	110 200
2007	58 000	1,94	52 432	60 088	112 520
2008	55 000	2,04	49 720	62 480	112 200
2009	45 000	2,10	40 680	53 820	94 500
2010	42 000	2,10	37 968	50 232	88 200
2011	46 000	2,20	41 584	59 616	101 200
2012	50 000	2,45	45 200	77 300	122 500
2013	56 250	2,90	50 850	112 275	163 125

Gjennomsnittleg fôrpris har auka, frå 1,35 kr/kg i år 2000 til 2,90 kr/kg 2013. Tilskotet til pelsdyrfôr, ca kr 0,50 per kg i 2010 (sjå seinare) er fråtrekt i kostnader til produksjon og frakt. I Håndbog til driftsplanlegging (Videncentret for Landbrug, 2013) oppgis priser på pelsdyrfôr i Danmark for 2012/13 og 2013/14 på henholdsvis 3,30 og 3,65 DKK per kg, som omregnet til norske kroner blir 3,38 og 3,94 per kg. Dansk fôrpris i 2010 var 2,54 DKK/kg som tilsvarte NOK 2,74 dette år. Prismessig ser det såleis ut til at næringa er konkurransedyktig med dansk produksjon av pelsdyrfôr om fôrkvaliteten elles er jamførbar. Eksport av ferdiglaga pelsdyrfôr synes likevel lite aktuelt m.a fordi det er våtfôr med avgrensa holdbarheit.

3.4 Alternativ bruk av slakte- og fiskeavfall til pelsdyrfôr

Pelsdyrnæringa nyttar avkapp og avskjær frå oppdrettsnæringa og dette kan det bli meir av ettersom fiskefilear i større grad erstattar rundfisk. Avkapp frå lakselakting kan ikkje nyttast i fôrblandinger til laks, men kan truleg brukast til andre fiskearter som etter kvart blir vanlige i oppdrett. Sjølvdaua fisk skal generelt ikkje nyttast i fôrblandinger til matfisk, men kan nyttast til pelsdyr, spesielt reven klarer å fordøye slikt avfall.

Det er og ein del biologisk avfall som ikkje alltid vert nytta i dag som gamle verpehøner som slaktes og dumpes (graves ned), men i dei fleste høve er det snakk om så små mengder at separat innsamling blir forholdsvis dyrt, slik som sjølvdaua kylling eller sauer. Det kreves forholdsvis store mengder for at utnyttinga skal bli rasjonell.

I Noreg har kyllingproduksjonen ekspandert sterkt i den seinare tid og meir avfall frå kyllingslakting blir dermed tilgjengeleg for m.a. pelsdyr. Alternativ bruk av det organiske slakteavfallet innanlands kan være til hunde- og kattefôr, eventuelt også fôr til andre kjeledyr. Men det er usikkert kor mykje meir slakteavfall kjeledyr kan avta.

Mindre mengder kan gå til rovdyr i dyreparkar, og i ein del land praktiseres også fôring av ville rovdyr, t.d. fôres bjørn som ein strategi for å halde dei unna landsbyar i enkelte land i sør-aust Europa. Men det er forbudt i andre land og om det skal bli eit nytt bruksområde her avheng av om det blir opna for dette.

Ingrediensane i pelsdyrfôret kan eksporterast om det elles ligg til rette for det. Kjøttbeinmjøl kan eksporterast i den form det er, og slakte og fiskeavfall som no blir nytta til pelsdyrfôr kan og frysast og eksporterast. Men det er neppe mogleg å hindre at det blir nytta til pelsdyr i andre land.

Gjødsel er og ein mulig bruk for slakteavfall og kjøttbeinmjøl.

Både fiske og slakteavfall brukes, og kan truleg på lengre sikt brukast meir i diverse bioindustrier. Vi går ikkje inn på dette tema i denne rapporten.

Kraftfôret til pelsdyr, ca. 4,5-7,5 tusen tonn dei siste åra, kan alternativt brukast til andre husdyr. Til svin kan ein grovt sett regne mellom 5 og 6 kg kraftfôr per kg kjøtt når ein inkluderer smågrisproduksjonen, slik at om næringa vert lagt ned kan ein produsere mellom 900 og 1200 tonn svinekjøtt årleg på dette. Norsk produksjon av svinekjøtt var til jamføring ca. 127 500 tonn i 2013.

3.5 Arbeidsforbruket med produksjon av pelsdyrfôr

Arbeidsforbruket med produksjon av pelsdyrfôr kjem i tillegg til arbeidet i farmane. Tidlegare var det vanleg at farmane hadde eige fôrkjøkken. Mesteparten av pelsdyrfôret lages ved dei 4 fôrkjøkkena. Det nyttast våtfôr som blandes i fôrkjøkken og transporteres ut til farmane. Sysselsetjinga i fôrkjøkkenindustrien er undersøkt i ein rapport av Oslo Economics (2012), utført for Norges Pelsdyrslag. Det er anslege at det i alt utgjer 57 årsverk. I tillegg kjem sysselsetjing i Varteig Pelsfôrlag, samt at Midt-Norsk pelsdyrfôrlag har innleigd fôrtransporten (10 årsverk). Varteig pelsdyrfôrlag er relativt lite og korrigert for dette anslår vi at sysselsetjinga til fôrproduksjon og transport å ligge på ca. 70 årsverk.

4. ØKONOMI OG TILSKOT I PELTSYRNÆRINGA

4.1 Rekneskap frå bruk med mink

I driftsgranskingene var det i 2011 og 2012 rekneskap frå tre bruk med mink. I 2010 var det berre to bruk.

	2010	2011	2012
	kr	kr	kr
Antall tisper per 1/1	1 023	1 583	1 432
Mink livdyr	83 200	331 477	48 767
Mink skinn	1 757 651	2 108 547	2 668 525
Erstatning dyr	5 000	110 533	207 973
Korrigert for varelager	146 925	-37 357	-79 610
Produksjonsinntekter	1 992 776	2 513 200	2 845 655
Pelsdyrfør	487 945	705 829	768 846
Veterinær og semin	13 062	23 026	23 628
Tjenester i husdyrproduksjonen	3 407	10 908	3 520
Pelsing	152 117	106 525	111 257
Forbruksartiklar	28 069	46 190	42 116
Andre driftsutgifter	84 421	63 625	57 788
Kjøp av mink	146 582	117 398	66 535
Korrigert for varelager	1 250	417	-58 500
Variable kostnader	916 854	1 073 918	1 015 191
Dekningsbidrag	1 075 923	1 439 282	1 830 464
Leid hjelp inkl. fritt hus	31 656	205 034	208 141
Driftsbygninger	10 123	20 649	25 481
Maskiner og redskap	2 231	24 603	18 409
Maskiner i driftsbygning	15 336	7 860	12 172
Maskinleie	1 800	0	4 395
Regnskapstjenester	5 785	9 249	9 598
Administrasjon og frakt	28 881	66 151	27 210
Telefon og IT-kostnad	4 685	7 422	8 318
Yrkesbil	9 168	12 245	9 092
Forsikringer	21 687	30 600	29 501
Marknadsutjamningsfond *	0	3 873	93 881
Faste kostnader eks avskr	131 353	383 813	352 318
Avskrivinger	131 119	123 109	162 110
Driftsoverskudd	813 451	932 361	1 316 036

På inntektssida utgjer sal av skinn nær 94 prosent av inntekter i alt. Utviklingen i skinnprisen er difor heilt avgjerande for resultatet. Variasjonen i kvalpetal per tise spelar til samanlikning ei lita rolle. Refusjon av avløyarsutgifter manglar, dei er førte på annan husdyrproduksjonen på bruket.

Ein undersøkelse på 80 talet (Asheim, 1990) viste at pelsdyrfôr utgjorde 64,1% av dei totale kostnadene i pelsdyrnæringa. For bruka over er andelen lågare, varierer frå 50,2 prosent i 2012 til 41 prosent i 2010. Av di det berre er to-tre bruk og dei har foreteke forholdsvis store investeringar og ikkje omfattar rev som i undersøkinga på 80-talet, kjem vi til at vi vil halde på anslaget på 64,1 % som fôrkostnadene sin del av kostnadene på bruk med pelsdyr.

Samandrag av driftsresultatet er gitt i oppstillinga nedanfor. Vederlag til arbeid og eigenkapital utgjer rundt 300 000 på bruka og arbeidsinnsatsen er i området 1,17 til 1,4 årsverk. Lønsevna varierte i gjennomsnitt frå 327 kr til 657 kr per arbeidstime. Då dette er høge tal, må ein ha i minnet at 2012 var eit sers godt år, berre overgått av 2013 når det gjeld skinnprisar. I 2011 var også bra, mens 2010 er litt over gjennomsnittet for perioden 2000-2010.

	2010	2011	2012
	kr	kr	kr
Driftsinntekter	1 992 776	2 513 200	2 845 655
Kostnader	1 179 325	1 580 839	1 529 618
Driftsoverskudd	813 451	932 361	1 316 037
Leid arbeid	31 656	205 034	203 405
Lønsevne	752 048	1 046 481	1 422 674
Timer pelsdyr	2 299	2 591	2 167
Lønsevne per time	327	404	657
Rentekrav innsatt kapital	93 059	90 914	96 767
Familiens arbeidsfortjeneste	658 989	955 567	1 325 907
Familiens arb.fort. per årsverk	528 854	680 528	1 129 061

For rev har vi ingen rekneskap, men bedømt utifrå utviklinga i talet på rev så var truleg timefortenesta noko lågare for rev enn for mink med skinn og fôrprisar som i perioden.

I driftsstatistikken har vi ikkje rekneskap for bruk med svin eller kylling som einaste driftsfom. Rekneskap for året 2012 for 13 bruk med korn og fjørfeslakt har i gjennomsnitt ei lønnevne på 276 kr per time¹. Dei to hoveddriftsformene med svin, mjølk-svin eller korn-svin, har lønnevne på henholdsvis 169 og 150 kr per time.

Materialet er for spinkelt til å trekke sikre konklusjonar men det indikerer at lønsevna i minkproduksjon er betydeleg høgare enn for svin og litt høgare enn fjørfeslakt. Lønsevna for dei tre bruka med mink ligg betydeleg høgare enn sau, ammeku og mjølk, sjå seinare.

4.2 Avløysartilskot til pelsdyr

Nedfor er utrekna utbetaling av avløysartilskot for bruk med pelsdyr per 1/1- 2014. Maksimalt avløysartilskot var kr 72 000 per bruk i 2014. Avløysartilskotet for pelsdyr er utrekna etter to metodar. I kolonna til venstre har pelsdyra fått sin relative del av sum tilskot for alle dyreartar. I kolonna til høgre har ein betrakta pelsdyra som den marginale dyrearten og gitt fullt tilskot for dei andre dyra først.

¹ Åtte bruk med driftsforma korn og egg har gjennomsnittleg lønnevne på 99 kr per t. Vi ser bort frå eggproduksjon som alternativ til pelsdyr.

Utbetalingane til avløysartilskot var 15,3 mill. kroner i 2014, opp frå 13,5 millionar i 2012 om ein fordeler det relativt. Når andre husdyr vert dekkja fyrst er beløpet 13,7 mill. kroner mot vel 12 mill. kroner i 2012. Om det blir forbod mot pelsdyrdrift eller avgjort at pelsdyr ikkje skal få avløysartilskot, så vil innsparinga vere som i kolonna til høgge dvs. vel 13,7 millionar kr årleg.

	Pelsdyr får sin relative del	Andre husdyr dekkes først
Østfold	341,6	322,2
Akershus	4,4	0,0
Hedmark	1 138,5	1 074,7
Oppland	1 996,1	1 807,5
Buskerud	139,0	120,1
Vestfold	283,6	282,7
Telemark	374,6	363,8
Aust-Agder	219,8	219,4
Vest-Agder	169,9	169,9
Rogaland	3 795,3	3 046,2
Hordaland	172,1	139,2
Sogn og Fjordane	1 058,5	877,6
Møre og Romsdal	755,4	652,2
Sør-Trøndelag	4 089,3	3 880,6
Nord-Trøndelag	515,8	475,2
Nordland	216,0	216,0
Troms	72,0	72,0
Landet	15 341,9	13 719,3

Det kan være noko underrapportering av talet på pelsdyr i dag om næringsutøvarane veit at dei vil nå maksgrensa for tilskot utan å føre opp pelsdyra så kan dei la være å gjere det, men vi trur problemet er lite. Vi vil imidlertid peike på at i fall avløysartilskotet for pelsdyr blir borte kan det bli vanskeleg for det offentlege å halde oversyn over talet på pelsdyr her i landet og t.d. utarbeide husdyrstatistikk knytt til næringa. I enkelte tilfelle kan mangel på god husdyrstatistikk vere eit savn, t.d. for hest.

4.3 Refusjon av kraftfôrkostnader og frakttilskot til pelsdyrfôr

Pelsdyrnæringa betaler innanlandsk pris for kraftfôret som blir innblanda i våtfôret og mellomlegget i høve til verdsmarknadsprisar blir overført til næringa sentralt og går til å finansiere aktiviteten i m.a. Pelsdyrslaget, herunder avl, forskingsaktivitet, etc. Meirprisen for kraftfôr avheng av type kraftfôr og prisane på verdsmarknaden og innanlands. I perioden etter 2003 har meirprisen vore mellom 0,2 og 0,8 kr per kg, jamfør oppstillinga nedanfor. Totalt har refusjonen vore mellom 1 og 5,5 millionar kr årleg. Med stigande prisar på importert kraftfôr vil denne overføringa gå ned om ikkje innanlandsk kraftfôrpris vert sett opp tilsvarande. Beløpet utbetales etterskotsvis.

År	tonn	1000 kr	kr/kg	1000 kr	kr/kg	1000 kr
2000						34 892
2001		5 284		24 800	0,41	30 084
2002		5 462		21 839	0,35	27 301
2003	7 116	3 763	0,53	23 437	0,39	27 200
2004	6 453	3 083	0,48	20 117	0,35	23 200
2005	7 542	4 393	0,58	18 807	0,32	23 200
2006	6 276	3 542	0,56	19 658	0,34	23 200
2007	6 398	1 003	0,16	22 197	0,38	23 200
2008	6 231	1 629	0,26	21 571	0,39	23 200
2009	4 882	3 932	0,81	19 268	0,43	23 200
2010	4 535	2 305	0,51	20 895	0,50	23 200
2011	6 388	1 540	0,24	21 660	0,47	23 200
2012	6 583	1 730	0,26	21 470	0,43	23 200
2013	6 840	2 000	0,29	21 200	0,38	23 200

I tillegg mottok næringa tilskot til inntransport av råvarer og uttransport av pelsdyrfôr til oppdrettarane. Denne støtta er kanalisert via fôrkjøkkena. Dei siste åra har samla støtte til pelsdyrfôr vore 23,2 millioner kr årleg, inkludert refusjon for kraftfôr. I 2013 var omsetjinga i fôrkjøkkena ca. 244 millioner kr slik at frakttilskotet dette året utgjorde knapt 8,7 % av omsetnaden. Rekna per kg våtfôr har støtta utgjort mellom 32 og 50 øre.

Samla støtte til refusjon av meirkostnader til kraftfôr og frakttilskot har utgjort 23,2 millionar kr dei siste åra. Dette er ein nedgang frå knapt 35 millionar for år 2000 (og noko meir tidlegare). Støtta til pelsdyrfôr utgjorde 21,2 millionar i 2013 og refusjon av kraftfôr 2 millionar kr, i alt 23,2 millionar.

Jordbruksoppgjøret i 2014 fører til eit bortfall av vel 3 millionar kroner i tilskot til pelsdyrfôrlag fordi man har forutsatt at 5,4 mill. kroner av bevilgningen på 23,2 mill. kroner har vært refusjon av fôrkostnader. Dei fire siste åra har beløpet vore mellom 1,5 og 2,3 mill. kroner fordi differansen mellom norsk kornpris og verdensmarknadsprisen har vore mindre enn tidligare. Bevilgninga for 2015 vert dermed 17,8 mill. kroner når refusjonsdelen av ordningen tas ut av jordbruksavtalen og råvarer til pelsdyrfôr innvilges tollfritak.

4.4 Investeringsstøtte.

Pelsdyrnæringa har nytt godt av investeringstilskot og rentestøtte. Investeringstilskotet kan utgjere inntil 33 % av godkjent kostnadsoverslag, maksimalt 1 mill. kroner. Det blir utarbeida retningslinjer i kvart fylke for kva deler av landbruket som skal prioriterast. Frå Innovasjon Norge har vi fått en oversikt over støtte betalt ut til pelsdyrnæringa i åra frå 2008 til 2013.

Utbetalte fylkesvise investeringstilskudd til pelsdyr 2008–2013. Kroner

Fylke	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Østfold	100 000	350 000				
Hedmark	206 000				800 000	400 000
Telemark	125 000					
Rogaland				200 000		
Sogn og Fjordane			427 000			
Møre og Romsdal				110 000		
Sør-Trøndelag			238 000	545 600	160 000	280 000
Nord-Trøndelag		52 000		275 000	375 000	
			665 000	1 130	1 335 000	680 000
Sum	431 000	402 000		600		

Tabellen viser at innvilgede investeringstilskudd har økt fra 402 000 i 2009 til 1,335 mill. kroner i 2012. I 2013 ble det innvilget 680 000 kroner. Gjennomsnittet for perioden 2008–2010 var 499 333 kroner per år. Tilsvarende gjennomsnittstall for årene 2011-2013 var 1 048,5 mill kroner. Det er fylkene Hedmark og Sør-Trøndelag som har innvilget mest.

Ordningen med rentestøtte innebærer at det kan gis støtte til å redusere kapitalkostnadene (rentekostnader) for lån opptatt til investeringsformål. Ordningen ble innført fra 2003. Det kan gis rentestøtte til lån opptatt både i private banker og lån til landbruksformål i Innovasjon Norge. Rentestøtte-prosenten utgjør 50 prosent av renta på 3 års statsobligasjoner, og var 1,2 prosent i 2011 og 2012 og 0,7 prosent i 2013. Utbetaling skjer fra det tidspunktet det er levert ferdigattest for utbygging, og deretter automatisk hvert halvår i 15 år framover. Beregningen av støtten er komplisert, en beregner støtten på grunnlag av et serielån på 1 000 000 kr med 15 års løpetid i tillegg til gjeldende rentesats per år.

Utbetalt fylkesvise BU-midler rentestøttet lån til pelsdyr 2011 -2013. Kroner

År	Lånebeløp til rentestøtte	Faktisk rentestøtte
2011	2 180 000	202 741
2012	1 000 000	93 000
2013	680 000	36 890
Sum	3 860 000	332 632

For eksempel vil innvilget rentestøtte i 2011 på 202 741 kr være summen for hele 15-årsperioden med det årets rentestøtte (1,2 %). Det innebærer at årlig beløp blir lavt, rundt 13 500 kroner dersom lånebeløpet ikke blir annullert ved f.eks. at pelsdyrbrukeren skifter bankforbindelse. Da må avtalen med Innovasjon Norge vurderes på nytt.

4.5. Utjamning av skinnprisar

Pelsdyrnæring har ei ordning med utjamning av variasjon i inntekta som skuldast variasjonar i skinnprisane. (Marknadsutjamningsfondet). I år med gode prisar kan ein betale inn deler av inntekta frå sal av skinn til fondet og så kan ein trekke på fondet i år med dårlegare skinnprisar. På den måten blir inntektene jamnare og skatten noko lågare. Tanken er i prinsippet at næringa som har varierende inntekter m.a. pga. variasjonar i skinnprisane skal kunne utjamne det noko. Den økonomiske risikoen i pelsdyrnæringa er i stor grad knytt til variasjon i skinnprisane. Fondet for marknadsutjamning verkar som sikring mot variasjon i skinnprisane ved at ein kan ta ut midlar til forbruk og skattlegging på eit seinare tidspunkt. Det er og råd å legge pelsdyrskinn inn på kjøle eller fryselager for sal seinare til høgare pris. Men i så fall har ein og risiko for at prisen vil vere endå lågare ved realiseringa.

Inn og utbetalingane til utjamningsfondet framgår av oppstillinga nedanfor saman med omsetningsavgift og salgsavgift

År	Tilslags sum	Omsetn. avgift	Salg- avgift	Marknads- utjamning	Bonus I utbetaling	Heime- forbruk	Netto- sum*	Brutto- sum**
2000	277 220	4 851	10 137	-15 016	6 609	7 530	261 355	291 359
2001	352 627	6 171	10 835	-29 382	4 779	8 574	319 592	365 980
2002	268 730	4 703	9 549	-15 180	4 046	7 644	250 988	280 420
2003	214 463	3 753	9 484	5 534	3 850	6 617	217 227	224 930
2004	258 713	5 821	9 656	-5 354	2 677	7 428	247 987	268 818
2005	217 051	4 884	8 361	-6 363	5 625	7 332	210 400	230 008
2006	301 780	3 018	10 035	-9 791	2 671	8 289	289 896	312 740
2007	219 174	2 192	8 914	-6 464	3 006	2 873	207 483	225 053
2008	287 976	2 880	9 584	-5 817	2 027	3 434	275 156	293 437
2009	234 735	2 347	11 018	6 880	1 490	2 929	232 669	239 154
2010	307 914	3 079	9 974	-21 777	1 049	4 153	278 286	313 116
2011	348 882	3 489	8 163	-27 244	1 553	5 388	316 927	355 823
2012	436 353	4 364	8 807	-26 520	1 594	6 327	404 583	444 274
2013	515 080	5 151	8 900	-23 466	672	7 471	485 706	523 223
2014	480 000	4 800	8 640	-15 000	762	5 654	457 976	486 416

*Bruttosum minus oms.avgift og salgsavgift pluss innbetaling til markedsutjamningsfond

**Tilslagssum+utbetaling fra bonusfond I og hjemmeforbruk

Omsetningsavgift og salsavgift er og fråtrekt i nettosummen i oppstillinga over. Salsavgifter dekkar kostnader med sal og kjem til inntekt på Oslo skinnauksjonar for arbeid med sortering og sal av skinn. Omsetningsavgifta vert nytta til fagleg verksemd overfor produsentar, salsfremjande tiltak, forskingsverksemd, kontingentar samt administrasjon.

5. SAMLA SYSSELSETJING, VERDISKAPING OG ERSTATNING

5.1 Samla sysselsetjing

Sysselsetjinga i pelsdyrnæringa har blitt redusert sidan årtusenskiftet fordi talet på farmar med rev har gått sterkt attende. Stigande skinnprisar dei to-tre siste åra har ført til ei kraftig auke i antall minktisper. I følge Norges Pelsdyrslag har det blitt etablert 54 nye farmar siden 2010, men det er og ein del som legg ned verksemda. Vi anslår sysselsetjinga til å vere ca. 350 årsverk i primærproduksjonen i 2014. I tillegg er det ca. 70 årsverk innan produksjon av pelsdyrfôr og transport samt ca. 20 årsverk innan foreningsverksemda i NPA (Oslo Economics, 2012). Samla blir dette ca. 440 årsverk. Med tillegg for anna verksemd som blir direkte eller indirekte påverka av nedlegging som husdyravl, veterinær, forskning eller anna er det rimeleg å anta at ca. 450 årsverk vil bli borte ved eventuell nedlegging av pelsdyrnæringa gjennom eit forbod.

5.2 Samla verdiskaping

Verdiskapinga i primærproduksjonen er rekna ut med utgangspunkt i samla inntekter frå sal av skinn på 485 millioner i 2013 og samla fôrkostnader på vel 163 millioner. Vidare legg vi til grunn at fôrkostnadene utgjer 64,1 % av dei totale kostnader i næringa, basert på Asheim (1990). Samla kostnader blir 254 millionar ($163/0,641=254$). Verdiskapinga i primærproduksjonen for 2013 blir då 485 millionar kr minus 254 millionar som blir 231 millionar kr. Rekna per årsverk i primærproduksjonen (350) blir då verdiskapinga kr 660 000. Vederlag til kapital i næringa kjem til fråtrekk frå verdiskapinga.

Verdiskapinga i fôrindustrien er anslått til 43,5 millionar kr basert på same metode som i rapporten frå Oslo Economics (s. 12). Videre tilkjem verdiskapinga i NPA som omfattar ca. 20 årsverk inkludert ansatte overtatt frå Oslo skinnauksjoner, noko i landbrukets organisasjonar og i offentlig forvaltning på kommune og statleg nivå samt andre ringverknader. Samla årleg verdiskaping i norsk pelsdyrnæring kan difor røft anslås til å ligge på ca. 298 millioner kroner. Med samla sysselsetjing på ca. 450 årsverk utgjer verdiskapinga 662 000 kr per årsverk.

Skjelmo (2006) rekna ut verdiskapinga for rev i Sør-Trøndelag til ca. 16 millionar kr i 2004. Dette året var ca. 34% av revetispene i dette fylket slik at det tilsvarar ca. 47 millionar for all reven i landet i 2004. Noko undersøkelse ang verdiskapinga for mink finnes ikkje her i landet. Ifølge IFTF (2003) var samla sal frå dansk pelsdyroppdrett verdt € 514 millionar i 2002 medan produksjonsverdien i finsk pelsdyroppdrett var € 250 millionar.

5.3. Samla økonomisk tap ved forbod mot pelsdyroppdrett

Størrelsen på den økonomiske verdien av pelsdyrnæringa, og eit haldepunkt for å anslå størrelsen på erstatninga ved forbod mot pelsdyroppdrett, kan ein få ved å kapitalisere den aggregerte verdiskapinga i næringa. Med 4% rente, som er vanleg ved offentlege erstatningar, vil det tilseie ca. 7,45 milliarder kr for årleg verdiskaping på 298 millionar. Med utgangspunkt i erstatning kun for sjølve primærproduksjonen på 231 millionar blir det 5,78 milliardar kroner ($231 \text{ millionar}/0,04 = 5 \text{ 775 millionar}$).

I Nederland har Agricultural Economics Research Institute (LEI) undersøkt nedlegging av mink produksjonen (LEI, 2007). På oppdrag av dyrevernorganisasjonen «Bont voor Dieren» (Fur is for animals) har CE Delft foretatt ein gjennomgang av rapporten (CE Delft, 2008). Minkoppdrett er nokså omfattande i Nederland, LEI anslår ein kostnad på 638,5 millionar € ved umiddelbar stenging og

henholdsvis € 535,6 og 508,4 ved utfasing av næringa over 10 eller 15 år. Talet på € 638,5 millionar framkjem som summen av inntektstap per bedrift € 2,833,190, finansielle tap € 983,000 og kostnader med å ta ned pelsdyrskura € 77,000 i alt € 3,893,000 per bedrift for 164 bedrifter. Med gradvis utfasing over 10 eller 15 år reduseres finanstapa til € 356,000 og 190,000 per bedrift, øvrige kostnader er uendra. Med ein kurs på 8,22 NOK/€ i 2008 blir kostnadene 23,3 millionar per bedrift og 5,25 milliardar for heile minknæringa i Nederland ved umiddelbart opphøyr. Tala for Norge er på linje med utrekningane for Nederland, men det er generelt færre og større einingar i Nederland og ikkje oppdrett av rev.

5.4 Diskusjon av framgangsmåte og erstatning ved forbod mot pelsdyrhald

Oppdraget er oppfatta slik at NILF skal vurdere nedlegging av pelsdyrnæringa her i landet, det er ikkje aktuelt å rekne på tilpassingar i form av t.d. større eller meir dyrevennlege bur eller innhegningar som gir dyra større rom for naturlege aktivitetar og bevegelse. Det er heller ikkje aktuelt å forby jakt på pelsdyr eller forby folk å gå med naturpels frå pelsdyr oppdretta i fangenskap. Eit spørsmål då kva det vil koste å erstatte fullt ut dei som må legge ned.

Et alternativ for å legge ned pelsdyrnæringa umiddelbart kan være å innføre ei konsesjonsordning for pelsdyr, tilsvarande som for svin og fjørfe. Eit slikt tiltak kan hindre framvekst av store pelsdyrgardar. Om næringa i tillegg skal avviklast over ein gitt periode må ein forby nyetablering og det er difor nødvendig at dette blir kombinert med så låge konsesjonsgrenser at nyetablering i praksis blir umogleg eller økonomisk uinteressant. Ved generasjonsskifte vil ny eigar måtte søke om konsesjon for å overta.

Det er risiko for at næringa vil fremme erstatningskrav ved innføring av ei slik ordning, og utfallet av ei erstatningssak er uviss. Spesielt vil det vere vanskeleg for næringa å oppretthalde infrastruktur og andre fellesfunksjonar som produksjon av pelsdyrfôr, avl, pelsdyravslag etc. i ein situasjon der ein må rekne med avgrensa løyve til nyetablering og utviding. På mange måtar kan det vere meir hensiktsmessig å vedta nedlegging fordi ein då fjernar usikkerheit for rammevilkåra framover.

I samband med konsesjonsordninga for svin og fjørfe har det ikkje vorte fremja erstatningskrav.

Erstatningen på farmnivå vil ha to komponentar:

- a) Sluttpakke eller oppkjøpsordning for retten til å drive med pelsdyr.
- b) Kompensasjon for investeringer som ikkje lenger kan nyttast og kompensasjon for kostnader med å rydde farmområdet.

Erstatningar av denne type vil vere individuelle og avhengig av størrelsen på farmen og tal mink og revetisper og andre avlsdyr. Opplegget a) og b) i kombinasjon synes i utgangspunktet mest aktuelt for eldre brukarar utan planar for alternative produksjonar eller brukarar med eldre anlegg som eventuelt må fornyast fullstendig ved fortsatt drift. Døme på utrekning av pris for oppkjøp av retten til å drive med pelsdyr eller sluttpakke eller kompensasjon for investeringer foretatt:

Føresetnader: Dekningsbidrag per tise inkludert 0,2 hanndyr: mink: 600, blårev 1500, sølvrev 2000. Investeringar per eining: 2430 (mink), 9590 (blårev) og 8000 (sølvrev). Driftskapital per eining 785 (mink), 1620 (blårev) og 1290 (sølvrev) (NILF, 2011a). Driftsoversskot lik 2/3 av dekningsbidrag.

- a) Sluttpakke eller oppkjøp av retten til å drive med pelsdyr: 1000 minkavlssdyr, driftsoverskot kr 400 per avlssdyr, i alt kr 400 000. Kapitalisert verdi kr 400 000/0,04 = 10 millioner kr. For 500 avlssdyr av rev (50% sølvrev og 50% blårev) driftsoverskot kr 1160 per avlssdyr, i alt kr 580 000. Kapitalisert verdi kr 580 000/0,04 = 14,5 millionar kr.
- b) Kompensasjon for investeringar: Investeringskostnad, nyanlegg: 2 430 000 (1000 minkavlssdyr), 4 397 000 (500 reveavlssdyr, 50% sølvrev og 50% blårev). Det tas hensyn til teknisk stand og levetid med prosentvis reduksjon i høve til nyanlegg. Tillegg for rydding av farmområdet avhengig av kvadratmeter eller lengdemeter med pelsdyrskur, fjerning av gjerde etc.

I tillegg til dette kjem opphøyr av aktivitetar innafor fôrproduksjon, organisasjonsverksemd, forskning ol. Vi tar ikkje standpunkt til om dette skal erstattast eller omfang på erstatninga, men det er klart at aktiviteten vil opphøyre eller bli vesentleg endra i karakter om det vert forbudt å drive med pelsdyr her i landet. Men det blir ikkje forbod mot å produsere pelsdyrfôr, næringa må finne andre marknader, eller omstille seg til andre dyreslag, t.d. kjeledyr, jamfør alternativ bruk av råstoffet i diskusjonen framfor.

5.5 Avsluttande kommentarar

Forbod mot pelsdyroppdrett her i landet er truleg lettast å gjennomføre med å erstatte primærprodusentane og la tilknytta verksemd som fôrproduksjon og organisasjonsverksemd omstille seg. Ein del produsentar vil uansett slutte pga alder og mangel på nokon til å ta over. I slike tilfelle er det ikkje aktuelt å gå inn på løysingar med investeringstilskot for alternative produksjonar.

Avslutningsvis vil vi peike på flytting av pelsdyrnæringa ut av landet som ei mogleg tilpassing for utøvarane om haldningar til pels og antipelskampanjar vanskeleggjer vidare drift her i landet. Maskiner og utstyr for produksjon av pelsdyrfôr og for pelsing, kan være forholdsvis enkelt å flytte. Demontering og flytting eller sal av pelsdyrskur, pelsdyrbur og dei mest verdifulle avlssdyra vil vere noko meir krevande. Men det finst mange døme på oppbygging av lønsam verksemd basert på brukt utstyr og låge kostnader og lite offentlege tilskot.

Flytting til Sverige eller andre skandinaviske land er truleg utelukka, dei baltiske landa, Russland og Polen synes difor mest nærliggande. Vurdert ut frå arbeidslønningar ser vi ikkje bort frå at det kan skje sjølv om det ikkje blir forbod mot pelsdyroppdrett her i landet. Vi går ikkje meir inn på dette, interesserte kan studere rammevilkår frå den offisielle nettsida for investeringar i Litauen. <http://www.investlithuania.com/en>

6. VURDERING AV ALTERNATIVE PRODUKSJONAR

Vi har vurdert sau og storfe eller kraftfôrkrevjande produksjonar som svin og kylling som aktuelle husdyrproduksjonar til erstatning for pelsdyr. Alle desse kan i dag i prinsippet drivast ved kjøp av fôr,

utan areal slik som pelsdyra. For svin og kylling må ein kun leige spreieareal for husdyrgjødsel dersom ein ikkje kan disponere gjødsla forsvarleg på andre måtar. For drøvtyggarar må ein i tillegg leige beite men vinterfôret (rundballar og kraftfôr) kan kjøpast. Dei fleste som driv med drøvtyggande husdyr dyrkar mesteparten av grovfôret til dyra sjølve, men samstundes er det og ein god del handel med rundballar. For bruk med areal vil sau eller storfe vere dei mest aktuelle produksjonar å utvida eller starte opp med.

Som det framgår av kap 2 er det ein god del pelsdyrbrukarar som ikkje søker arealtilskot, for dei som har areal kan det være i bruk til andre husdyr eller utleigd. Pelsdyrbrukarar utan eige areal leiger spreieareal og kan truleg nytte same arealet som spreieareal om dei legg om til andre husdyr. Tilgangen på spreieareal elles så vel som leigejord og beite vil variere etter kvar ein er i landet. I område med tett husdyrhald som i delar av Rogaland kan mangel på spreieareal hindre ekspansjon av t.d. kraftfôrkrevande produksjonar, men det kan sparast noko spreieareal ved nedlegging av pelsdyrverksemda i fylket. Kravet til spreieareal er 4 dekar per gjødseleining som vil seie 25 revetisper med kvalpar eller 40 minktisper med kvalpar. For landets ca. 48 500 revetisper er samla spreieareal ca. 7 760 daa og for 173 000 minktisper blir det ca. 17 300 dekar. I alt er spreiearealet knytta til pelsdyr ca. 25 000 dekar (2014) som utgjer ca. 90 dekar per bedrift.

6.1 Drøvtyggande husdyr

Vi har undersøkt økonomien i tre driftsformer der det blir brukt vesentlege mengder grovfôr; ammeku, sauehald og mjølkeproduksjon. Undersøkinga er basert på bruk frå Driftsgranskingane 2012 (NILF, 2013). Vi har sett på arealgruppa 200 – 300 dekar. Gjennomsnittsarealet på disse bruka er rundt 245 daa, litt høgare enn pelsgardane sitt areal på 220 daa.

Ammekubruka har produksjonsinntekter som er kr 88 000 lågare enn sauebruka. Sauebruka har fått utbetalt 80 000 kr meir i produksjonstilskot og anna budsjettstøtte. Dei samla kostnadene er kr 50 000 høgare enn på sauebruka. Dette skuldast kr 50 000 i høgare faste kostnader. Dei samla produksjonsinntektene for mjølkebruka var kr 733 000 høgare enn for ammeku. Dei variable kostnadene i mjølkeproduksjonen var 273 000 kr høgare og dei faste kostnadene kr 219 000 høgare. Driftsoverskot i jordbruket var 166 000 kr for ammeku mens tilsvarende tal for sauehald og mjølkeproduksjon var kr 204 000 og kr 407 800, jamfør oppstillinga nedanfor.

	Storfeslakt	Sauehald	Mjølkeproduksjon
Tal bruk	16	35	93
Areal, daa	245	239	248

Avling, FEm per daa	315	242	373
Tall kyr	18,8		19,4
Tal vinterfôra sauer		160	
Pris ku-saue- kjøt, kr per kg	39,11		39,91
Pris annet storfé-lamme- kjøt, kr/kg	46,2	42,79	44,26
Arbeidstimer i jordbruket	1 682	2 424	3 328
Planteprodukter i alt, kr:	22 973	8 742	17 052
Husdyrprodukt i alt, kr:	215 520	247 648	839 780
Tilskot i alt, kr:	338 996	418 928	464 531
Andre inntekter, kr:	30 681	20 664	19 728
Produksjonsinntekter i alt:	608 170	695 982	1341092
Variable kostnader, kr:	150 644	150 663	422 914
Faste kostnader, kr:	291 321	341 347	510 405
Kostnader i alt, kr:	441 965	492 010	933 319
Driftsoverskot, kr:	166 205	203 972	407 773
Vederlag til arbeid og egenkap, per årsverk	180 981	194 133	268 590
Lønnsevne per time, kr	92	97	137
Gjeldsrenter og kår, kr:	84 637	44 543	68 912
Nettoinntekt, kr:	759 198	698 664	734 043

Resultatet må vurderast i høve til kapitalinnsatsen og kor mange timer brukerfamilien har arbeidd i jordbruket. I gjennomsnitt har familien på ammekubruka brukt snautt 1700 t i jordbruket mens dei på sauebruka har arbeidd 2 400 t og mjølkeprodusentane 3 300 t. Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk er ca. kr 13 000 lågare for ammeku enn sauehald og kr 87 000 lågare enn mjølkeproduksjon. Ammekubruka oppnådde ei lønnevne per time på 92 kr i 2012, mens ho for sau- og mjølkeproduksjonsbruk låg på kr 94 og kr 117 per time. Dette er klart lågare enn for dei tre bruka med mink, som i 2011 og 2012 hadde ei lønnevne på henholdsvis 404 kr og 657 kr per time.

I undersøkinga som vart omtalt i notatet frå 2012, sorterte ein ammekubruka etter driftsoverskot per ammeku. Gruppa med best resultat hadde vederlag for arbeid og egenkapital på linje med gjennomsnittet for mjølkeproduksjon. Medan bruka med dårlegast resultat har over 200 000 kr meir i inntekter utanom jordbruket. Dette gjer at nettoinntekta for dei to gruppene blir omtrent like stor. Mekaniseringskostnadene kan bli høge om det er avgrensa kor mykje tid familien kan bruke til jordbruk, men tilpassinga kan alt i alt vere fornuftig. Også sauebruk har ein god del inntekter utanom bruket.

På grunn av mangel på storfekjøtt har myndigheitene stimulert ammeku med driftstilskot til spesialisert produksjon av storfekjøtt frå 2003. Dette tilskotet har auka i åra etterpå. Dessuten fekk ammekuprodusenter frå og med år 2002 utbetalt husdyrtilskot etter samme sats per ku som i mjølkeproduksjonen. Kjøtprisen har også auka, frå 39,92 kr/kg i 2010 til 47,32 kr/kg i 2013. (BFJ, 2014) Alt i alt har lønsemda auka. Men det er også produsentar av storfekjøtt som har negativt driftsresultat. Det er tilfelle særlig for ein del av dei minste produsentene. Disse bruka produserer i dei fleste tilfelle like mykje kjøtt per ku som dei øvrige bruka. Men dei faste kostnadene er for store i høve til omfanget.

Med utgangspunkt i 350 årsverk i pelsdyrnæringa i 2014 og anslege arbeidsforbruk i rekneskapa over med 308 dekar er rekna ut tal ammekyr, vinterfôra sauer eller mjølkekyr for å erstatte pelsdyra:

	Ammeku	Sau	Mjølkk
Antall kyr/vinterfôra sauer i rekneskapa, stk	18,8	160	19,4
Årsverk a 1845 t	0,91	1,31	1,80
Antall kyr/vinterfôra sauer for 350 årsverk, stk	7 218	42 624	3 764
Samla arealbehov til 350 årsverk, daa	94 060	63 669	48 121
Behov for spreieareal til 350 årsverk	33 682	24 356	22 586

Erstattar ein alle årsverka til pelsdyra med ammekyr vil ein anslagsvis ha trong for 7 218 ammekyr og avlinga frå 94 tusen dekar, med sau vel 42 500 vinterfora sauer og 63-64 tusen dekar og med mjølkekyr ca. 3 750 mjølkekyr og vel 48 tusen dekar. Ammeku er mest arealkrevande i høve til arbeidsinnsats. Det må antas at mesteparten av arealet på pelsdyrbruk, i allefall det som inngår i søknad om produksjonstillegg, er i bruk slik at tala over representerer grove anslag for netto arealbehov. På den andre sida så ser det ut til at spreieareal kan skaffast med det ein sparer ved å slutte med pelsdyr, ca. 25 tusen dekar. Det skulle difor vere råd å basere drifta på utstrakt innkjøp av grovfôr i tillegg til kraftfôr, men det vil uansett vere nødvendig å skaffe beite for drøvtyggande husdyr.

6.2 Etablering av svin eller kyllingproduksjon

Både svin og kyllingproduksjon har auka i omfang her i landet dei siste åra, svin frå ca. 103 tusen tonn i år 2000 til 127,5 tusen tonn i 2013. Kyllingproduksjonen har auka frå vel 35 tusen tonn til 92 tusen tonn i same perioden. Etablering innan kylling krev tilgang til kyllingslakteri i nærleiken, for minkproduksjonen i Rogaland og mesteparten av reveproduksjonen i Sør-Trøndelag er ikkje det noko hindring. For pelsdyrproduksjon i delar av landet kan omlegging til kylling vere problematisk. For svin er det 3 purker i ei gjødseleining på 4 daa og vidare er det 1400 slaktekylling uten bruk av fytase og 1750 med fytase til ei gjødseleining. Spreiearealet tilknytta pelsdyr er soleis nok til knapt 19 000 purker eller vel 8.8 millioner slaktekyllingar. På eit gjennomsnittleg pelsdyrbruk har ein 63 daa spreieareal til pelsdyra og det er nok til ca. 48 purker. Bruk i driftsgranskingane med mjølkk-svin eller korn-svin har til samanlikning 29-44 avlsgrisar og konsesjonsgrensa er 105 purker. Spreiearealet på pelsdyrbruk er i gjennomsnitt nok til ca. 22-28 tusen slaktekyllingar medan konsesjonsgrensa er 120 tusen slaktekyllingar.

Arbeidsbetaling for svin og kylling er vanskeleg å kalkulere utfrå rekneskap fordi desse produksjonane ofte drives i lag med korn eller mjølkeproduksjon. Data frå driftsgranskingane i 2012 viste ei lønsevne for korn/kylling på 276 kr per time, mens korn/svin oppnådde 150 kr per time.

6.3 Investerings eller anna støtte til alternative produksjonar innafor jordbruk

Det er ikkje heilt klart om dette skal komme i tillegg til eller i staden for erstatning, vi antar at det kjem i staden for erstatning i dei høve det kan ligge til rett for det og brukaren har interesse for å gå

inn på ei slik løysing. Utrekningane frå tilskotsregisteret tyder på at pelsdyrbruka som drives i kombinasjon med jordbruk har noko mindre besetningar enn spesialiserte pelsdyrbruk. Spesielt for desse kan tiltaka omfatte:

- a) Spesielle rettigheter som t.d. mjølkekvote ved opphør av pelsdyr tilsvarande som enkelte sauebrukarar får mjølkekvote når dei må slutte med sau pga rovdyr.
- b) Investeringstilskot for alternative produksjonar.

Tildeling av mjølkekvote avheng av at brukaren har interesse for å gå inn for og utvikle den næringa, utvida kvote for dei som driv med mjølk i dag er truleg enklast og mest aktuelt. Det kan omfatte ca. 36 bruk. For sau og ammeku, samt svin og kylling innafor grensene for konsesjonsfri drift, er det ingen slike marknadsbegrensingar i staden må overgang initierast med aktiv bruk av investeringstilskot. Brukarane vil nok vurdere dette individuelt avhengig av situasjonen på staden og lønsemd og andre tilhøve knytt til å gå inn i desse næringane, jamført med pelsdyrnæringa.

Tilskotsregisteret tyder på at dei fleste pelsdyrbruka, 143 av 277, drives utan jordbruksareal. Øvrige oppgaver støttar dette. Utvikling av husdyrdrift på einingar utan areal synes ikkje spesielt hensiktsmessig, men det er mogleg så lenge ein kan anta at brukarane har tilgang på spreieareal til pelsdyra og kan nytte det til andre husdyr. Men anna type verksemd som ikkje krev spreieareal som t.d. industri kan vere vel så aktuelt på denne type areal.

6.4 Omlegging til anna husdyrproduksjon - samanfattende synspunkt

Mesteparten av pelsdyrnæringa drives i område utan vilkår for korndyrking og omlegging til grovfôr-krevjande husdyrproduksjon er mest ynskjeleg landbrukspolitisk sett om areal kan skaffast. I så fall er omlegging til ammeku eller sauehald aktuelt. Sau er mest vanleg på mindre bruk og synes framleis å vere meir lønsamt enn ammeku sjølv om økonomien i ammekuproduksjonen er blitt noko betre dei siste åra. Det spises stadig meir kjøtt i Norge og ammekuproduksjonen har auka i omfang dei siste åra. Det er likevel import av storfekjøtt og det er p.t. problematisk å dekke innanlandsk etterspurnad med norsk produksjon m.a. fordi produksjonen av kalvar frå mjølkeproduksjonsbruk har minka. Total kjøttproduksjon på storfe har minka frå vel 88 tusen tonn i år 2000 til vel knapt 81 tusen tonn i 2013. Dette tilseier og at ammeku er mest aktuelt av drøvtyggande husdyr. Produksjonen av sauekjøtt har til jamføring vore forholdsvis stabil og variert mellom 22,9 og 26,2 tusen tonn i åra etter 2000. Både ammeku og sau er pt mindre lønsamt enn m.a. mink så det er ikkje opplagt at brukarane vil godta ei slik omlegging.

Kva som er best av sau og ammeku avheng og av lokale forhold m.a. rovdyr situasjonen og beitetilhøve elles. Utan rovdyr er sau det mest lønsamme, har ein plage med mindre rovdyrartar som gaupe, jerv og ørn kan truleg ammeku fungere betre. Har ein derimot bjørn eller ulv i området kan også ammeku bli problematisk og spesielle tiltak som t.d. inngjerding av beiteområde kan bli nødvendig. Våre analyser tyder på at det er til saman 6 pelsdyrbruk innafor ulvesona (sjå kart i Ulvesoneutvalget, 2012) og desse bruka har i alt ca 20 600 mink og 477 revetisper.

Mjølkeproduksjon er truleg aktuelt berre i spesielle tilfelle, med dagens system vil mjølkeproduksjon kreve at pelsdyrbrukarane får tildelt mjølkekvote. Å kjøpe på den private kvotebørsen fell dyrt. Mest aktuelt kan vere at dei 36 pelsdyrbrukarane som også har kyr kan få tilbod om auka mjølkekvote.

Av kraftfôrkrevande produksjonar er kylling noko betre enn svin i høve til marknadssituasjon, men lokalisering i høve til kyllingslakteri vil vere avgrensande for etablering av kyllingproduksjon i ein del tilfelle. Lønsemda med kyllingproduksjon er med dagens skinnprisar truleg noko dårlegare enn for mink. Vi antar difor at det kan være lettare å få til frivillige ordningar med etablering av svin eller kylling jamført med sau eller ammeku.

Sjølv om ein legg om til sau eller ammekuproduksjon, kanskje også svin og kylling, vil ein måtte regne med at tilpassingar i form av anna arbeid blir nødvendig, i allefall i ein overgangsperiode. Jobb i offentleg spesielt kommunal sektor, slik soms omsorgsarbeid på aldershjem etc. synes mest aktuelt, elles blir det spørsmål om kvalifikasjonar i høve til kva det lokale arbeidslivet kan absorbere av frigjort arbeidskraft. Det er vidare ikkje opplagt at etablering av husdyrproduksjon er det mest hensiktsmessige alternativet dersom pelsdyrverksemd blir nedlagt på bruk uten areal eller på fellesareal, etablering av alternativ næring kan være betre. Men det vil avhenge av lokale tilhøve og interesser til brukaren.

7. SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR

Det var 125 gardar med mink med til saman 173 tusen minktisper og 178 gardar med rev med til saman drøyt 48 tusen revetisper per 1 januar 2014. Talet på gardar med mink har auka med 7 medan tal revegardar har minka med 10 sidan 1. januar 2012. I same tidsrom har talet på minktisper auka med ca. 60 500 dyr og bestanden av rev med ca. 2 500. Viktigaste fylket for mink er Rogaland med 101 tusen tisper følgt av Østfold og Hedmark. I Buskerud, Hordaland, Troms og Finnmark er det ikkje oppdrett av mink. Det er noko forskjell i geografisk utbredelse av mink og rev, mink finnes i stor grad (66%) i sone 1 for BA sentralitet. Her har ein og dei største bruka, 1700-1800 tisper per bruk. Rev finnes mer i BA-sone 3 (24%) og 4 (49%) og lite i sone 5. Bestanden av rev er mellom 248 og 311 tisper per bruk med unntak av sone 5 der det er 151.

Dei fleste pelsdyrbrukarane driv med anten mink eller rev, men 26 av 277 pelsdyrbruk har både mink og rev. Mer viktig enn mink eller rev er om brukaren søker om støtte for areal eller andre husdyr. Pelsdyrbrukarar som ikkje har jordbruksareal (143 bruk, 52%) har gjennomgående større einingar, i snitt 397 revetispeiningar (3,3 minktisper= 1 revetispe=1 revetispeenhet). Bruk som driv pelsdyrhold i kombinasjon med jordbruk eller husdyrhold (134 bruk, 48%) har til jamføring ca. 329 revetispeiningar.

Nettoverdien av pelsskinna var ca. 485 millionar i 2013, fordelt på 322 millionar for mink og 164 millionar for rev. Mink har gradvis vorte viktigare sidan årtusenskiftet. Prisane auka mykje i perioden 2010-2013, men falt tilbake igjen i 2014. Ei rekke forhold tilseier lågare prisar, andre tilseier høgare prisar. Økonomisk verdi av næringa er i dag vesentleg mindre enn i dei historisk gode åra på 30-talet (sølvrev) eller 60-talet (mink) og berre tida kan vise om næringa står framfor ein periode med sterk vekst i etterspørsel og prisar.

Vi anslår arbeidsforbruket i primærproduksjonen å ligge på 350 årsverk i 2014 etter gjennomgang og vurdering av ulike kjelder, men er vanskeleg å berekne eksakt. Drifta er rasjonalisert sterkt dei seinare åra og kvalpetalet per tisper har stige. Næringa har bruka kring 1,5 millionar kr årleg i gjennomsnitt for dei siste åra til forskning med hovedvekt på dyrevelferd og avl. Det er berre nokre få

brukarar som framleis blandar eige pelsdyrfôr mesteparten blir no organisert gjennom 4 samvirkefôrkjøkken.

Pelsdyra har ein viktig funksjon som brukarar av avfall frå slakteri, noko over 40% frå fisk noko under 40% frå husdyr. Avskjær frå mager fisk er viktigast på fiskesida, men det nyttas og ein god del lakseensilasje og avskjær frå feit fisk. På husdyrsida er slakteavfall frå fjørfe viktigast, både her i landet og utanlands, men det er og ein del frå storfe og svin. Det blir truleg meir slikt avfall i takt med ekspansjon av kyllingproduksjonen og meir filetering av fisk. Slaktevfall som pelsdyra nyttar kan alternativt brukast til kjeledyr eller til gjødsel, fiskeavfall har same bruksområder og kan i tillegg brukast til fisk. Vi har ikkje klarlagt i kva grad det kan skje og kor lang tid det vil ta. Det er og ein del andre bruksområde for både fisk og slakteavfall. Det blandast og inn ein del kraftfôr og vitaminar i pelsdyrfôret, vi anslår at det alternativt kan nyttast til produksjon av mellom 900 og 1 200 tonn svinekjøt årleg.

Vi anslår at arbeidsforbruket med produksjon og distribusjon av pelsdyrfôr ligg på ca. 70 årsverk. Prisane på fôret som oppdrettarane betaler var ca. kr 2,90 per kg siste året (frakttilskot fråtrekt) og samla fôrkostnader ca. 163 millionar kr for produksjon av ca. 56 tusen tonn pelsdyrfôr. Pelsdyrnæringa har dei siste åra fått overført ca. 23,2 millionar kr årleg som refusjon av meirkostnadene med kjøp av kraftfôr til innanlandske prisar og som tilskot til transport av pelsdyrfôr. Rekna per kg våtfôr har støtta utgjort mellom 32 og 50 øre.

Avløysartillegget utgjorde ca. 15,3 millionar kr i 2014, men brukarane vil få noko meir for andre husdyr om pelsdyra blir borte på grunn av tak for utbetaling per bruk. Vi anslår at spart tilskot blir noko over 13,7 millionar kr om pelsdyrnæringa ikkje får tilskot til avløysing. På den andre sida vil ein då ikkje få oversyn over tal pelsdyr i landet. Som gjennomsnitt per år i perioden 2008 til 2013 har det blitt utbetalt om lag 775 000 kr i investeringstilskot til pelsdyrnæringa.

Det materialet vi har for å rekne ut lønsemda i pelsdyrnæringa er spinkelt, men vi anslår at lønsevna per time låg på ca. kr 300-400 for mink for perioden 2010-11, med skinnprisar omtrent på dagens nivå. Dette er høgre enn for andre vanlige produksjonar i jordbruket. Til dømes ligg sau og ammeku under 100 kroner per time. For rev har vi ingen nyare rekneskap, men antar at lønsemda var svakare enn for mink desse åra.

Vi anslår at samla sysselsetjing i primærproduksjon, fôrproduksjon, organisasjonar og tilgrensande næringar til ca. 450 årsverk. Samla verdiskaping for 2013 er berekna til ca. 298 millionar kr, men ein må hugse at det var ei sers godt år. Om dette skal erstattast fullt ut med eingongserstatning vil det grovt sett utgjere ca. 7,45 milliardar kroner. Om ein avgrensar erstatninga til å gjelde berre sjølve oppdrettet blir omlag 5,8 milliardar kroner. I rapporten er vist døme med utrekning av erstatning til 1000 minktisper og til 500 revetisper med tillegg for fjerning av skur og rydding av farmområde etc.

Det er råd å tilby brukarane investeringar i alternative produksjonar innafor jordbruk. Erstattar ein årsverka til pelsdyra med ammekyr vil ein anslagsvis ha trong for 7 200 ammekyr og avlinga frå 94 tusen dekar, med sau vel 43 000 vinterfora sau og 64 tusen dekar og med mjølkekyr ca. 3 850 mjølkekyr og 48 tusen dekar. Ammeku er mest arealkrevande i høve til arbeidsinnsats. Det må antas at mesteparten av arealet på pelsdyrbruk, i allefall det som inngår i søknad om produksjonstillegg, er i bruk slik at tala over representerer grove anslag for netto arealbehov. På den andre sida så ser det ut til at spreieareal kan skaffast med det ein sparar ved å slutte med pelsdyr, ca. 25 tusen dekar. Det

skulle difor vere råd å basere drifta på utstrakt innkjøp av grovfôr i tillegg til kraftfôr, men det vil uansett vere nødvendig å skaffe beite.

I område utan rovdyr er sau det mest lønsamme, har ein plage med mindre rovdyrartar som gaupe, jerv og ørn kan truleg ammeku fungere betre. Har ein derimot bjørn eller ulv i området kan også ammeku bli problematisk og spesielle tiltak som t.d. inngjerding av beiteområde kan bli nødvendig. For brukarane med mjølkeproduksjon og pelsdyr, kan en vurdere å tilby ekstra mjølkekvote mot å slutte med pelsdyr, eller er det truleg berre unntaksvis mjølkeproduksjon er aktuelt.

Av kraftfôrkrevande produksjonar er kylling noko betre enn svin i høve til marknadssituasjon, men lokalisering i høve til kyllingslakteri vil vere avgrensande for etablering av kyllingproduksjon i ein del tilfelle. Vi trur ikkje det blir noko stort problem. Lønsemda i kyllingproduksjon er truleg den beste av dei aktuelle produksjonane som er nemnd. Vi antar difor at det kan være lettare å få til frivillige ordningar med etablering av kylling jamført med sau eller ammeku.

Sjølv om ein legg om til sau eller ammekuproduksjon, kanskje også svin og kylling, vil ein måtte regne med at tilpassingar i form av anna arbeid blir nødvendig, i allefall i ein overgangsperiode. Jobb i offentleg spesielt kommunal sektor, slik som omsorgsarbeid på aldersheim etc. synes mest aktuelt, elles blir det spørsmål om kvalifikasjonar i høve til kva det lokale arbeidslivet kan absorbere av frigjort arbeidskraft. Det er vidare ikkje opplagt at etablering av husdyrproduksjon er det mest hensiktsmessige alternativet dersom pelsdyrverksemd blir nedlagt på bruk uten areal eller på fellesareal, etablering av alternativ næring kan være betre. Men det vil avhenge av lokale tilhøve og interesser til brukaren.

Avslutningsvis vil vi peike på flytting av pelsdyrnæringa ut av landet som ei mogleg tilpassing for utøvarane om haldningar til pels og antipelskampanjar vanskeleggjer vidare drift her i landet. Det finst mange døme på oppbygging av lønsam verksemd basert på brukt utstyr og låge kostnader og lite offentlege tilskot. Flytting til dei baltiske landa, Russland og Polen synes mest nærliggande. Vurdert ut frå arbeidslønningar ser vi ikkje bort frå at det kan skje sjølv om det ikkje blir forbod mot pelsdyroppdrett her i landet.

8. LITTERATUR

Asheim, L. J. 1990: Økonomien i pelsdyrnæringa. NILF Forskningsmelding A-013-90.

BFJ, 2011: Totalkalkylen for jordbruket – jordbrukets totalregnskap 2009 og 2010 og budsjett for 2011. Totale inntekter, kostnader og vederlag til arbeid og egenkapital i jordbruket. Avgitt i 2011
BFJ, 2014: Totalkalkylen for jordbruket – jordbrukets totalregnskap 2012 og 2013 og budsjett for 2014. Totale inntekter, kostnader og vederlag til arbeid og egenkapital i jordbruket. Avgitt i 2014

CE Delft, 2008: Peer review of LEI report on restructuring mink farming. Delft, December 2008. Drawn up by M. H. Korteland and S. M. de Bruyn.

Hegrenes, A. 2010: Produktivitetsutvikling i norsk jordbruk 1990–2009. Analyse basert på jordbrukets totalregnskap. NILF notat 2010 – 14.

Hovland, I. 2008: Pelsdyrholdet i Norge, utvalgte emner. NILF notat 2008-18.

IFTF (2003): International Fur Trade Federation. (20 The Socio-Economic Impact of International Fur Farming. <http://www.hkff.org/en/furfacts/pdf/socialeconomicimpact.pdf>

Jerven, M. 1984: Arbeidsforbruket i Jordbruket. Norges landbruksøkonomiske institutt. F-277-84.

LEI, 2007: Restructuring of mink farming in the Netherlands. Agricultural Economics Research Institute (LEI-Wageningen UR), the Netherlands.

NILF, 2013: Driftsgranskingar i jord- og skogbruket. Rekneskapsresultate 2012. Årleg publikasjon.

NILF, 2011a: Handbok for driftsplanlegging 2011/2012. Årleg publikasjon.

Oslo Economics 2012: Pelsdyrnæringen: Økonomisk betydning. Rapport utarbeidet for Norges Pelsdyrslag, Februar 2012.

Rådet for dyreetikk (2000) Pelsdyrskrottat til Pelsdyrfôr. En vurdering avgitt i desember 1999, revidert utgave juni 2000. <http://www.radetfordyreetikk.no/1999/12/pelsdyrskrotter-til-pelsdyrfor/> Oktober 2012.

Sjelmo, O. 2006: Verdiskaping og sysselseting i pelsdyrnæringen i Sør-Trøndelag. NILF notat 2006-16.

Stornes, O.K, og L.J. Asheim 2012: Økonomien i ammekuproduksjonen. *Tyrmagasinet nr 1, 2012*.

Ulvesoneutvalget, 2012. Rapport til Miljøverndepartementet – “Evaluering av ulvesona”. Oktober 2012. Sekretariat: Fylkesmannen i Hedmark (Thomas Olstad og Hilde Smedstad)

Videncenteret for landbruk (2010): Håndbog til driftsplanlægning 2010. Landbrugsforlaget, København. ISSN: 0419 – 9936.